

Jenter 14 vidare, gutane ute

29.07.2009

**Rosendalslaget i jenter 14 gjorde ein solid innsats i Norway Cups 16-delsfinale onsdag ettermiddag. Dei sigra med 3-0 over Sunnmøre-laget Hasundgot etter å ha leia 1-0 ved pause i ein kamp der dei dominerte.
Derimot gjekk gutar 14 på tap i sin 16-delsfinale.**

Måla vart scora av Gabriella Borg, Amalie Hanstveit og Tonje K. Bryn.
Dermed blir åttandedelsfinalen den neste utfordringa.

Gutane tapte med 0-1 for Åmot og dermed er det over og ut for dei i denne omgongen.
Dei har også hatt tre uskedelingar med på laget: Kenneth Stensletten, Martin Hauge og Hans Fredrik Zimmer.